

Oppland Sau og Geit

Informasjon til medlemmer



Godt nytt år!



Regionmøter 2016

Odnes 18.01 og Kvam 19.01

Årsmøte og seminar

Gjøvik 4.03 – 6.03 2016

Elektronisk overvaking 2016



Innkalling til regionmøter

Styret i OSG inviterer til regionmøter med 1 representant frå lokallag og 1 representant frå beitelag. Påmelding til Pål Kjørstad innan 15.01.2016.

Møtedatoer/steder er:

Måndag 18. januar 2015 kl. 19.00 – Bjørnen Kro, Odnes

Tysdag 19. januar 2015 kl. 19.00 – Vertshuset Sinclair, Kvam

Sakliste:

1. Opning, namneopprop og velkome
2. Saker frå lokallag og beitelag
3. Innspel til jordbruksforhandlingane 2016
4. Orientering frå valnemnda
5. Saker frå fylkeslaget – spørsmål/diskusjon.

Arnfinn Beito, Pål Kjørstad og andre frå styret stiller på bae møta.



Innkalling til årsmøte på Gjøvik 2016

Det vert innkalla til årsmøte i Oppland Sau og Geit på Quality Hotel Strand på Gjøvik **laurdag 5. mars 2016 kl. 09.00**. Kwart lokallag kan møta med 1 representant pr. 25 medlemmer på fylkeslagets årsmøte. Dvs: 1 representant (1-25 medlemmer), 2 representantar (26-50 medlemmer), osv. Vi minner om at lokallag som vil sikre årsmøteutsendingar plass på seminaret og med overnatting til årsmøtehelga, må hugsa å melde seg på så snart som mogleg. **Siste frist: 5. februar 2015**. Vi minner om at det same gjeld for årsmøteutsendingane til Ring 41 Oppland.

Påmelding

Påmelding helst direkte på heimesida til Oppland Sau og Geit: www.nsg.no/Opland, eller til Pål Kjørstad på e-post: pkjorstad@outlook.com tlf. 99034406.

Ved påmelding fyll ut skjemaet på heimesida.

Ved anna påmelding ver vennleg å gje opp: Namn på dei som meldar seg på, adresse, e-postadresse, mobil-tlf. og eventuelt opplysningar om lokallag/ringavdeling ein er utsending frå. Dersom namn på utsending ikkje er kjent, må lokallaget/ringavdelinga reservere plass i lokallagets/ringavdelingas namn.

Kandidatar til utmerkingar og fylkeslagets diplom

Styret ber om at forslag frå laga på kandidatar til utmerkingar og fylkeslagets diplom vert sendt styrets sekretær Pål Kjørstad, Moarusta 13, 2647 Sør Fron innan 5. februar 2016. Eventuelt eller helst på e-post til pkjorstad@outlook.com.

Saker som lokallaga ønskjer å fremma for årsmøtet. Frist – 05.02.16

Saker som lokallag ønsker å fremme for årsmøtet må i følge lagslovane vera styret i hende seinast 1-ein månad før årsmøtet. Styret ber derfor om at aktuelle saker sendes styrets sekretær innan 05. februar 2016, slik at styret får ordna saklista i sitt styremøte før årsmøtet.

Forslag på kandidatar til valga på årsmøtet

Valnemnda deltek med representant på regionmøta. Laga kan fremme forslag på kandidatar på regionmøta eller sende det til valnemndas leiar som er Tormod Gunderstuen, Limosetvegen 77, 2822 Bybrua, mobil-nr. 92063640 eller e-post: tormod64@hotmail.com innan 25. januar 2016.

Valgkomitè for Oppland Sau og Geit og Ring 41 Oppland er nå:

Leiar: Tormod Gunderstuen, Vardal, vald frå fylkeslaget i 2015 og som leiar i 2015.

Personleg varamedlem: Karl Ole Egge, Hadeland.

Medlem og nestleiar: Susanne R. Brenna, vald frå fylkeslaget i 2014.

Personleg varamedlem: Torbjørn Elvestad, Dovre.

Medlem: Lars Olav Leirdal, Østre Toten, vald frå Ring 41 i 2014.

Personleg varamedlem: Magne Gutsveen, Fåberg.

Medlem: Per Erik Holmen, Sør-Fron, vald frå Ring 41 i 2015.

Personleg varamedlem: Hans Rønshaugen, Sør-Fron.

Følgjande er på valg:

Leiar:	Arnfinn Beito, Øystre Slidre (1 år)
Styremedlemmar:	Ellen M. Syse, Lesja (2 år) Tore Krogsveen, Fåvang (2 år)
Nestleiar til styret:	Tore Krogsveen, Fåvang (1 år)
Vara-medlemmar til styret:	1. Berit Leine Kaltoft, Gausdal (1 år) 2. Eirik Kolbjørnshus, Øystre Slidre (1 år) 2. Anne Ingeborg Terningen, Nordre Land (1 år)
Val av revisor:	Toten Regnskapskontor AS, Eina (1 år)
Møteleiar for årsmøte 2017:	Ellen M. Syse m/vara Anne Kari Veikleengen
Valnemnda – 1 medlem:	Susanne R. Brenna, Skjåk m/vara Torbjørn Elvestad, Dovre
Valnemnda – leiar:	Tormod Gunderstuen, Vardal m/vara Susanne R. Brenna, Skjåk

Valkomiteen har òg i oppgåve å fremma forslag på godtgjeringar til tillitsvalde.



Stolte oppdrettarar av beste vær i Oppland i 2015, Anders Svare og Arild Galdstad med 201421626 Toer 'n med O-indeks på 146. Foto: Ivar Svare.



Program for årsmøte- og seminarhelga

Årsmøte- og seminarhelga vert arrangert saman med Akershus Sau og Geit og Hedmark Sau og Geit og der alle årsmøta òg er opne for alle. I tillegg vil det bli utstilling av ymse ullprodukter og fleire småferelaterte aktørar vil vera tilgjengelege.

Fredag 4. mars

- 16.00 Årsmøte Ring 41 Oppland parallelt med tilsvarande i Akershus og Hedmark
- 17.30 Opning av seminaret v/fylkesleiarane i Akershus, Hedmark og Oppland
- 17.35 Tema avl: Avlsframgang i teori og praksis v/tillitsvalde sentralt og lokalt
- 19.30 Middag, bufè

Laurdag 5. mars

- 09.00 Årsmøte i Oppland Sau og Geit parallelt med tilsvarande i Akershus og Hedmark
- 11.00 Pause
- 11.15 Årsmøtet fortsetter
- 13.00 Lunsj
- 14.00 Tema ull v/Tony Barmann frå Norilia
- 15.00 a) Årsmøte i Oppland Gjeterhundlag parallelt med tilsvarande i Akershus og Hedmark, brukar den tida dei treng parallelt med:
- 15.00 b) Kjøttproduksjon på geit av bygging av fjøs v/Tåle Willerud
- 15.30 Utfordringar ved sambeiting mellom sau og geit v/Dag Lindheim frå Tine
- 16.00 Sauens helse ved ulike bygningsløyser v/Karianne Muri, NMBU
- 16.30 Etehastighet, førsøl og plassforhold v/Stine Grønmo, NMBU
- 17.00 Kostnadseffektive sauefjøs? v/Anne Strøm Prestvik, NILF
- 17.40 Orientering om prosjektet "Ny giv" v/Nils Inge Hitland, Hordaland Sau og Geit
- 19.00 Premiesamling
- 19.30 Festmiddag m/Torvild Sveen som toastmaster og sosialt samvær m/danseemusikk.

Søndag 6. mars


- 09.00 Slakteria sin bolk, Nortura, Nordfjordkjøtt, Furuseth og Fatland
- 10.00 Tema helse: Skurv og snyltere hos småfe v/Lisbeth Hektoen, Animalia
- 11.00 Pause, utsjekking
- 11.30 Tema utmark v/Per Fossheim, FKT-prosjektet
- 12.10 Erstatningsoppgjøret sett frå FM si side v/Sidsel Røhnebak, FM Oppland
- 12.45 Vel heim, ved Pål Kjørstad
- 13.00 Lunsj

Fylkesstyret oppfordrar lokallaga til å arbeida med/gje innspel på følgjande:

- Jordbruksforhandlingane våren 2016
- Fremme saker til årsmøte i OSG 05/03 2016 m/frist 05/02 2016
- Koma med forslag til felles uttale frå årsmøtet i OSG

NB! Prisar på helga er kr. 1240,- i dobbeltrom og kr. 1440,- i enkeltrom pr. person pr. døgn, inkludert frokost, lunsj og middag. Det er òg mogleg med dagpakkar.

Gruppa "Svamparna" spelar til dans fredag og laurdag.



Returadresse: Oppland Sau og Geit v/Pål Kjørstad, Kilevegen 98, 2647 Sør-Fron

Søknad om å leige radiobjøller, findmysheep-einingar, lammenodar og saltsteinavlesarar frå OSG v/Oppland Radiobjøllelag

Oppland Radiobjøllelag, eige avdeling under Oppland Sau og Geit, vil også dette året utvida med fleire radiobjøller og fleire findmysheep-einingar dersom vi får midlar til dette gjennom tilskot frå FKT og eller OBB. Kriteria for å leiga er dei same som i fjor, slik som krav om betaling, rapportering og krav om medlemskap i organisasjonen vår. Deltakarene som var med i 2015, og som har sendt inn rapport er registrert og får fortsetja med minst det same i 2016. Fleire av desse har samtidig på skjemaet søkt om fleire. Nokre har ikkje levert rapport og leigefordelen for 2016 må fornyast gjennom ny søknad.

Søknadsfrist for å få leige elektronisk utstyr for nye søkjarar er 15/2 2016.

Dersom det blir mange søknader, vert søknader frå besetningar med unormale høye søyetap på utmarksbeite prioritert. Fordelinga av elektronisk utstyr vert som i før teke i samråd med Landbruksavdelinga hos FM i Oppland, og fordelinga vil være klar da vi veit om vi får nye tilskot eller ei.

Søknad om å leiga utstyr skal sendast berre på e-post til: pkjorstad@outlook.com

Leigesummen vert vedteke på årsmøte i OSG, i fjor var den på kr. 245,- + mva pr. radiobjølle/ findmysheep, kr. 25,- + mva pr. lammenode, kr. 50,- + mva pr. POI og kr. 2.500,- + mva pr. saltsteinavlesar. Dei som dreg på seg unormale tilleggsutgifter med findmysheep må betala ekstrautgiftene sjølve. Søknadsskjema for 2016 ligg på heimesida til Oppland Sau og Geit på www.nsg.no/Oppland. Vi ber om at døkk ser innom heimesidene våre ofte, for nå er nyheiter, rovviltsaker og info frå organisasjonen vår oppdatert med jamne mellomrom.

*Styret i Oppland Sau og Geit
ønskjer døkk alle eit riktig godt nytt år!*



Lars Ole Auglestad, Johnny Mathisen
og Eldri Siem på rovviltmøte 2015,
Foto: GD.